



## Statens vegvesen



Askøy kommune  
Postboks 323  
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:  
2011/108112-007

Dykkar referanse:  
1013/2795-20

Vår dato:  
12.05.2015

### **Askøy kommune - Plan 343 - ber om uttale til avkjørsel og rundkjøring på Juvikflaten.**

Vi viser til brev i frå Askøy kommune, motteke hos oss 29.04.15 med førespurnad om trafikal vurdering av avkjørsel og rundkjøring på Juvikflaten.

I ein periode var det aktuelt for Askøypakken å bruke Statens vegvesen sin eigedom og bygningar på Juvikflata. På noverande tidspunkt er Askøypakken etablert i Rundetårnet på kaia i Kleppestø. Før det var aktuelt for Askøypakken å etablere seg på Juvikflata har Bergen trafikkstasjon gjort det klart at dei ønskjer å nytte eigedomen til kontrollstasjon. Ein slik utnytting av Statens vegvesen sin eigedom er framleis aktuell og vi vurderer difor at vi kjem til å gjere bruk av denne eigedomen til dette formålet i tida som kjem.

Avkjøringa til Rema 1000 på Juvikflata er i dag utforma som eit kanalisert kryss. Statens vegvesen ser at trafikkbelastninga på Fv 562 er stor i dag, samstundes som det er i tillegg stor trafikk ut og inn til området hos Rema 1000 og Krokåsfeltet. Dette gjev sjølvstakt trafikkale utfordringar i dei periodane trafikkvolumet er på sitt høgste, om morgonen og ettermiddagen. Med dette som bakgrunn ser vi også at trafikkfarlege situasjonar dessverre kan oppstå. Vi har fleire gonger gjort vurdering av kryssområdet i høve etablering av rundkjøring. I utgangspunktet er Statens vegvesen negativ innstilt til etablering av ein rundkjøring her. Fv 562 er hovudvegen på Askøy og Statens vegvesen ønskjer at denne hovudvegen i størst mogleg grad skal ha prioritet i høve til sekundært vegnett. Dette med fokus på avvikling av trafikken nord – sør, og særleg i rushperiodane. Ei rundkjøring på staden vil ikkje auke kapasiteten og transportevna til Fv 562, snarare tvert om vil ein få ein generelt treigare trafikkavvikling med ei rundkjøring, der Fv 562 ikkje lenger har prioritet. I utgangspunktet legg Statens vegvesen opp til at rundkjøring vert nytta på stader med likeverdige vegar, slik som ved Strusshamnkrisset der Fv 562 og Fv 212 møtes og framtidig punkt der Fv 562 og Fv 217 møtes.

Vi vurderer at dersom det skal etablerast noko alternativ trafikkavvikling ved avkjøringa til Rema/Krokåsfeltet, så må det vere i form av eit lysregulert kryss. Per i dag ligg det ikkje føre slike planar for krysset. Eit lysregulert kryss vil kunne ivareta trafikktryggleiken på staden på

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:


ein god måte. Vi ser likevel at eit lyskryss ikkje kan løyse alle dei trafikale utfordringane på staden, all den tid trafikkvolumet er som i dag og truleg vil auke i tida som kjem. Dette med bakgrunn i full utbygging av Krokåsfeltet og nyetablering på Horsøy.

All den tid kommuneplanen har avsett areal til næring på delar av området aust av Fv 562 har Statens vegvesen måtte vurdere næringsverksemd i dette området. Vi er klar over at det er større trafikale utfordringar med inn og utkøyringar til dette området med den trafikkmengda som er på Fv 562, sett i samanheng med krysset til Krokåsfeltet. Vi har difor sagt at vi ikkje kan stille oss positiv til detaljhandel, ei heller til trafikkdrivande verksemd. Vi vurderer på same line som kommunen at det er svært trafikalt utfordrande å etablere næringsverksemd av nokon storleik på dette arealet.

Samla sett vurderer vi det som svært utfordrande med ny verksemd på austsida av Fv 562 på Juvikflata med tanke på trafikktryggleik og trafikkavvikling. Alternativ til dagens kryss og kryss som er foreslått i Plan 343, er lysregulering av heile kryssområdet.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*  
Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

  
Sigmund Bødal  
overingeniør

Kopi: Hordaland fylkeskommune